

Kommunal- og distriktsdepartementet
v/Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato	28.02.2023
Vår referanse	2023/882-15
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Katharine Clarke
E-post	Katharine.Louise.Clarke@vlfk.no
Telefon	

Vestlandsrådet - nødvendig med styrka finansiering av Interreg-programma i statsbudsjettet 2024

På møte i Vestlandsrådet, 7.februar 2023, fekk rådet sitt arbeidsutval fullmakt til å utforme uttale til arbeidet med statsbudsjettet 2024 om manglande finansiering av Interreg-programma.
Arbeidsutvalet går inn for følgjande uttale;

Store kutt i årlege løyingar på statsbudsjettet til Interreg-programma skapar usikkerheit, og begrensar norske aktørar si deltaking i regionale samarbeidsprosjekt. Nordsjøprogrammet, som skal bidra til å sikre ei grøn og berekraftig framtid for Nordsjøområdet, er ekstra hardt ramma av desse budsjettutta. Den nasjonale finansieringa av dette programmet er pr. i dag redusert med over 67 % i programperioden 2021-2027, samanlikna med førre periode 2014-2020.

EU sin «Green Deal» legg premissar for Interreg, og desse er i direkte samsvar med våre eigne satsingsområde for samfunnet på Vestlandet. Dette kjem mellom anna klart til uttrykk i næringsstrategien for Vestlandet, som spesielt fokuserer på grøn omstilling. Vi veit derfor at Interreg-programma kjem til å støtte opp under det vi elles må gjere for å nå utsleppsmål, utvikle nye teknologiar og betre offentlege tenester. Dette er store utfordringar som vi ikkje klarer å løyse åleine, og som krev samarbeid for å lykkast.

Interreg-programma er spesielle ved at dei mobiliserer både offentlege og private aktørar til å samarbeide i eit europeisk samarbeidsprosjekt knytt til eit geografisk område. Interreg er ein del av verkemiddelapparatet for norske aktørar og det er viktig å ha eit breitt spekter av verkemiddel. Samstundes ser vi at med mindre regionale utviklingsmidlar til rådvelde, er Interreg også blitt eit viktigare verktøy for mange forskjellige aktørar både i privat og offentleg sektor.

Vestlandsfylka er store eksportfylke og har vore mest interessert i samarbeid med våre samarbeidspartnerar i Nordsjøområdet. Kutta i Interreg-midlar råkar Vestlandet spesielt hardt. Eit eksempel på korleis Interreg-samarbeid kan ha ei større samfunnsutviklingsrolle med verknader langt utover prosjektperioden er RIGHT Skills for the Right Future , eit Nordsjøprosjekt leia av Vestland fylkeskommune under Nordsjøprogrammet VB og avslutta i mai 2022. Alver kommune var også partner i prosjektet. Målet var å tette kompetansegapet mellom behov til næringslivet og arbeidsmarknad. Prosjektet har styrka kompetanse hos arbeidstakrarar i SMBar (små og mellomstore bedrifter) innan energisektoren og blå sektor, kartlagt kompetansebehov til næringslivet og etterprøvd løysingar og verktøy. Greenspot Mongstad-piloten har kartlagt innovasjonskapasitet og omstillingsgrad hos medarbeidarar i sju verksamder, og Alver kommune jobbar med ei oppskalering og vidareføring av metodikken. Prosjektet leverte eit interessant sett med tilrådingar om framtidas kompetansepolitikk som Vestland fylkeskommune har tatt opp i Handlingsplan 2022-2025 under «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033».

Medlemslanda i EU forpliktar seg til eit sju-årig budsjett for finansiering av Interreg, og Interreg-programma følger dette budsjettssystemet. Noverande program varer frå 2021 til 2027. At den

norske regjeringa fordeler midlar kvart år, over statsbudsjettet, gjer Interreg uføreseieleg for prosjektaktørane i Norge og for partnarar i EU-land som ønskjer å samarbeide med norske aktørar. I tillegg har regjeringa sidan 2017 systematisk kutta i dei årlege løyvingane til Interreg. Ei manglande oversikt over tilgjengelege midlar under Interreg-programma skapar usikkerheit for norske aktørar og europeiske partnarar. Norske aktørar har i nokre tilfelle måtte trekt seg frå godkjente prosjekt grunna manglande midlar. Prosjektsamfunnet og gode europeiske partnarar veit ikkje om eller når dei igjen kan samarbeide med norske aktørar.

Store kutt i norske midlar under Nordsjøprogrammet har gjort at Norge gjekk tom for midlar etter den første utlysinga, og måtte stenge 2. og 3. utlysing for norsk deltaking. Det er førebels uklart når norske partnarar igjen kan delta, og kor mykje midlar som vil vere tilgjengeleg i Nordsjøprogrammet for norske partnarar i resten av programperioden.

Vestlandrådet ber regjeringa styrke Interreg-programma i arbeidet med komande statsbudsjett, og peiker særleg på Nordsjøprogrammet som viktig for vestlandsfylka. Vestlandsrådet ber også regjeringa finne fram til ein praksis som gjev Interreg-programma føreseielege budsjett over heile dei sjuårlige programperiodane.

Med helsing

Jon Askeland
leiar i Vestlandsrådet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:

Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget
Rogalandsbenken på Stortinget
Sogn og Fjordane-benken på Stortinget
Hordalandsbenken på Stortinget
Møre og Romsdal-benken på Stortinget